

[Nyhende →](#)

– Har tenkt stort og stått på over tid

Å tenkje stort og stå på over tid. Dette er noko av det som har ført til at Joker Hjelledalen er kåra til Årets Merkur-butikk i region Sogn og Fjordane og Sunnmøre.



Høge mål: Joker Hjelledalen Buda AS er ikkje er nokon stor butikk og ligg heller ikkje i eit stort sentrum, men likevel har butikken hatt høge mål, tenkt stort og framstår som ein moderne og veldriven butikk, fastslår Merkur i samband med prisen. – Ein stimulans til å halde fram same vegen, seier Gunn Sørum. **FOTO:** GUNNHILD SINDRE

Gunnhild Sindre**Oppdatert:** 2 dagar sidan

– Det er mange gode kandidatar som kunne ha vunne denne prisen, seier Merkur-konsulent Atle Stalheim. – Noko av det som slår ekstra positivt ut for Joker Hjelledalen er evna til å stå på over tid.

Høge mål, tenkt stort

Sjølv om Joker Hjelledalen Buda AS i ikkje er nokon stor butikk, har butikken hatt høge mål og tenkt stort og framstår som ein moderne og veldriven butikk, påpeikar Stalheim.



BMW i4 M50.
KAMPANJEPRIS FRA 599 900,-
Vinterhjul inkludert. Kundefordel fra 122 988,-

Be om tilbud

Kampanjen gjelder kun for nye ordre.
Kampanjepriode frem til 31.12.24. Forbehold om skriftefall.

bilia

Og sjølv utan å ligge på ein stor plass, har butikken utvikla seg år etter år, og overskotet har i stor grad gått med til å investere i vidareutvikling. Det siste store løftet var opninga av delvis sjølvbetent butikk i februar, slik at kundane kan handle også utanom den betjente opningstida.



Frå prisutdelinga: Årets butikk 2024 Sogn og Fjordane og Sunnmøre. F.v. Atle Stalheim (Merkur-konsulent), Steinar Fredheim (Distriktsenteret), Gunn Sørum (Joker Hjelledalen), Rita Navarsete (Sogndal kommune).

FOTO: DISTRIKTSENTERET

Stimulans til å halde fram

– Det er alltid stas å bli sett pris på, seier kjøpmann Gunn Sørum til Fjordingen.

– Å få pris viser jo at det eg jobba med er rett. At ein klarer å nå mål ved å ta steg for steg over tid, at det gjev resultat til slutt. For meg som kjøpmann er det ein stimulans til å halde fram på same vegen.

Nye EQB fra Mercedes-Benz

5 grunner til at EQB er den perfekte familiebilen



Rett: – Det er stas å bli sett pris på. Det viser at det ein har jobba med er rett, at ein kan nå mål ved å ta steg for steg, seier kjøpmann Gunn Sørum. **FOTO:** GUNNHLID SINNRE

Gunn Sørum har i dag med seg ein stab på tre butikktilsette.

– Eg har også ein mann som stiller på når litt større, praktiske ting skal løysast. Dette gjer han på dugnad. Det har gjort at ein utan tvil sparer ein del kostnadar, seier Sørum, som skal feire prisen med kake til kundane laurdag.



Har fått pris før: I butikken står også det synlege beviset på at Joker Hjelledalen vart Årets Joker-butikk i område Midt i 2022. **FOTO:** GUNNHLID SINDE .

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

STRYN KOMMUNE

Ledig stilling

Sjukepleiar

100% fast stilling. Område Vikane.

Søknadsfrist: 07.11.24

Les meir >

Positiv økonomisk utvikling

Merkur-programmet er eit kompetanse- og utviklingsprogram for nærbutikkar i Distrikts-Norge. Målet er å sikre innbyggjarane tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet og mange tilleggstenester.

Prisen Årets Merkur-butikk vert delt ut i alle Merkur-regionane kvart år. For å få utmerkinga, må butikken ha god kvalitet, tilleggstenester og aktivitetar.

Vinn ein prisen, er det ei stadfesting av at butikken ein møteplass i bygda, og har positiv økonomisk utvikling. Kjøpmannen er samfunnsentreprenør og bryr seg om både bygda si og berekraft, opplyser Merkur.

LES ÒG:



Slik har det gått etter fem månader med delvis sjølvbetjent butikk

ABONNENT

LES ÒG:



Blir digital butikk for å overleve

ABONNENT

LES ÒG:



«Ny» butikk til 4 millionar

ABONNENT

Publisert: laurdag 26. oktober 2024 kl. 05:00

Oppdatert: 2 dagar sidan



UTFORSK TEMA:

MERKUR

KJØPMANN

BUTIKK

KJØP ANNONSE

Se alle

personalhuset
Search & Selection



Anleggstikker / geomatiker

Tennfjord

Les mer

Åndalsnes Avis

Åndalsnes Avis søker journalist
100% stilling

Åndalsnes

Les mer

MORE OG
ROMSDAL
TINGRETT
NORGES DOMSTOLER

Ledig verv som fast forsvarer

Molde


Les mer

Liknande artiklar



Planlegg
storutbygging på
Bjørke

ABONNENT



Trafikkulykke i
Markane – store
materielle skadar

ABONNENT



Straumprisen går ned,
det gjer også
resultatet til
kraftprodusenten

ABONNENT